



**Kven kan hugsa eit ungt par som oppheldt seg i Uskedalen under krigen? Det er spørsmålet som Reidar Myklebust har fått frå Øystein Jansen, geolog av yrke, med bilag av to døme på amatørkunsten som faren laga (se over og under). Dei er frå 1943 og foreldra hans gifta sg på hausten same år. Paret var forlova då dei var i Uskedalen.**

No er begge døde og barna hugsar så godt som ingenting av det dei vart fortalt om staden. Faren var født i 1916 og mora (Ruth Margrethe Lygren) var eitt år yngre.

Kvar dei budde og kvifor dei var akkurat der veit dei ingenting om og dei har inga slekt i Uskedalen. Truleg betalte faren betalt opphaldet på ein gard med eit måleri eller 2.

Øystein synest det ville vera artig om det kunne finnast ut noko meir og undrar:  
Kanskje nokon hugsar dette unge paret?

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

